

# (18) «MI LYRE ER STEMT FOR SØRGJESONG»

Tekst og tone:  
FREDDIE LANGRIND

AVSKJEDSSALME > bibelsitat, Jobs bok 30,31. Eg fann det tilfeldig og overraskande, og det treffe mine strenger. Eg trudde lenge eg skreiv ei vise, men eg vart fortalt at det vel er ein salme.



6 Mi ly - re er stemt for sørg - je - song og fløy - ta gjev  
6 lyd til grå - ten. Eg bar ho til kyr - kje den - ne  
12 gong, eg veit du vil kjen - ne låt - en, for song - en er  
18 vår og kvar - an - dres verk, ein tan - ke av ti - da, kan  
23 hen - de. Om to - nen er sår er han og - så  
28 sterk, han ber vel til verd - as en - de.



Mi lyre er stemt for sørgjesong / og fløyta gjev lyd til gråten.  
Eg bar ho til kyrkje denne gong, eg veit du vil kjenne låten,  
for songen er vår og kvarandres verk, ein tanke av tida, kan hende.  
Om tonen er sår er han også sterk, han ber vel til verdas ende.

Vi gjekk her i saman, du og eg, i solskin og regn og tåker.  
Vi leitte og rydda teig og veg / og hausta med fryd vår åker.  
Og tonen sprang våryr frå kvern og plog / og la seg til rette i minnet.  
Han klang som vår vise i lund og skog / med ekko frå fjell og finne.

Mi lyre er stemt for sørgjesong / og fløyta gjev lyd til gråten.  
Eg bar ho til kyrkje denne gong, eg veit du vil kjenne låten.  
Eg veit det vil lyde eit himmelkor / og klangar frå lyre og fløyte.  
Eg veit du får plass ved Vårherres bord / der kvar har sitt himmelske skøyte.